



Rambøll Norge AS
Folke Bernadottes vei 50
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/844 - 17/1051

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
17.01.2017

Godkjenning - etablering av overvassleidning og avlaupsleidning Elvaåsen over eigedomen GBNR 23/1

Administrativt vedtak. Saknr: 25/2017

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: Rambøll Norge AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl)§ 20-1

Saksutgreiing:

Rambøll Norge AS, har på vegne Boligbygg Vest AS, søkt om løyve til etablering av overvass- og avlaupsleidning frå nytt bustadfelt i Elvaåsen, jf motteke situasjonskart, dagsett 08.12.2016. Overvassleidningen skal gå frå O1 og koplast til allereie etablert kommunal overvassleidning. Avlaupsleidningen skal gå frå SP2 og fram til kommunal pumpestasjon ved Løypetona. Meland kommune har gitt samtykke til påkoplinga.

Vurdering:

Omsøkte leidningstrace skal gå over eigedomen gbnr 23/1. Eigar har i skriv, dagsett 27.09.2016, gitt løyve til etablering av grøft over eigedomen og vidare fram langs vegen til kommunal pumpestasjon i Løypetona.

Anlegget må plasserast og utformast slik innsendt teikning/situasjonsplan, dagsett 08.12.2016, syner. Det vert elles vist til korrespondanse mellom ansvarleg søkjar og VA-avdelinga i Meland kommune om saka, i tida 24.11.-29.11.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 10.01.2017. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg s kjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande og utf rande, og sj  til at alle oppg ver er belagt med ansvar, jf. pbl   23-4 andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av pbl   20-1 l yve til etablering av overvass- og avlaupsleidning fr  bustadfelt i Elva sen, i samsvar med s knad journalf rt motteke 10.01.2017. Tiltaket skal plasserast og utf rast i samsvar med vedlagt teikning/situasjonsplan av same dato.

Tiltaket skal utf rast i samsvar med vilk r gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og avsluttast med s knad om ferdigattest, jf pbl   21-10. Det vert elles vist til vilk r og korrespondanse mellom ansvarleg s kjar og Meland kommune ved VA-avdelinga»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova   23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast p  til kommunen, jf. fvl.    28-36. Klagefristen er 3 veker fr  melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen g r ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det g  fram kva det vert klaga p  i vedtaket, og kva endringar ein  nskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden L dre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------|--------------|------|--------|
| Boligbygg Vest AS | Fagerdalen 4 | 5039 | BERGEN |
| Tysseland Arkitektur AS | Olafia Zoega | 5012 | BERGEN |

Mottakere:

| | | | |
|------------------|-----------------------------|------|--------|
| Ramb ll Norge AS | Folke Bernadottes vei 50 | 5039 | BERGEN |
|------------------|-----------------------------|------|--------|